

Flatøy Bygdelag sin plan for oppgradering av kjøkken i skulebygget på Flatøy

Kjøkkendel i kjellaren, SFO rommet.

Her er kjøkkenskap, vask og benkeplate i brukbar stand.

Komfyr og kjøleskap er i OK stand, ein har investert i dette i løpet av dei siste åra. (Eit kombikjøleskap til bruk ved uteleige, eit kjøleskap og ein fryseboks som bygdelaget og 4H har saman til bruk i sin daglege drift.)

Oppvaskmaskina må bytast ut i løpet av det neste året, den fungerer ikkje alltid slik den skal.

Kjøkkendel i Nordstova

Her må kjøkkenskap og benkeplate skiftast ut grunna slitasje.

Komfyr er i OK stand, ein kjøpte ein ny samstundes som den i kjellaren.

Vask og oppvaskmaskina er i OK stand.

Vi må investere i eit kombikjøleskap med liten frys då dette ikkje er i rommet.

Kjøkkendel i tilknytning til Sørstova

Her må vi lage ei ny kjøkkeninnredning med kjøkkenskap, vask og benkeplate.

Vi må investere i ny komfyr, kjøleskap, frysescap og ei oppvaskmaskin med steam.

Dette kjøkkenet brukast i samband med forsamlingslokalet i denne etasjen.

Kjøkkendel oppe ved «lærerrom»

Her står det eit hybelkjøkken som er i OK stand og fungerer til det bruket ein har i loftetasjen.